# Stad kommune

## REGULERINGSFØRESEGNER FOR E39 SKREDESTRANDA, SKREDSIKRING

**Dato: 15.07.2023**

**Nasjonal arealplan-ID: 4649-2022004**

Planavgrensinga er vist på plankartet datert 10.07.2023. Reguleringsføresegnene gjeld for områda innanfor plangrensa.

## 1 FØREMÅLET MED PLANEN

Føremålet med reguleringsplanen er å regulere areal til rassikring for E39 langs Skredestranda. Rassikringstiltaket skal utførast innafor planområde.

## 2 FELLESFØRESEGNER (PLAN-OG BYGNINGSLOVA §12-7)

**2.1 Plan for Ytre miljø(§12-7,nr.12)** – Det skal utarbeidast ytre miljø(YM-plan) i starten av prosjekteringsfasen.

| **_Retningsline_** |
| --- |
| *YM-plan skal vidareføre dei krava og tiltaka som er omtala i planen og/eller oppsummert i kapittel med føringar for YM-plan i planomtalen, kapittel 6.3. Miljøutfordringar som blir avdekka skal følgjast opp av utførande og kontrollerande personell i gjennomføringsfasen.* |

**2.2 Framande skadelege artar(§12-7, nr.3) -** Ved bygging av prosjektet skal framande skadelege artar takast hand om.

| **_Retningsline_** |
| --- |
| *Framande skadelege artar skal takast hand om i tråd med forskrift om fremmede organiser og SVV-rapport-387* |

**2.3 Rigg- og marksikringsplan(12-7, nr.12) -** Det skal utarbeidast ein plan for riggområder, marksikring og istandsetting av berørte områder.

| **_Retningsline_** |
| --- |
| *Planen skal utarbeidast før bygge- og anleggsarbeidet blir sett i gang. I planen skal det setjast inngrepsavgrensingar for å bevare eksisterande, sårbar vegetasjon, samt vise kvar ulike slags massar skal lagrast. Plan for istandsetting av anleggsområdet skal utarbeidast som ein del av konkurransegrunnlaget.* |

**2.4 Revegetering** – Skredvollane og områder som blir berørt av tiltaka skal revegeterast med stadeigne vegetasjonsmassar.

**2.5 Støy(12-7, nr.3) –** Det skal takast omsyn til støy i byggeperioden for prosjektet.

> ***Retningsline***
> *I byggeperioden skal føringar i T-1442/2021, kap.6 leggast til grunn i forhold til handtering av anleggsstøy.*

## 3 AREALFORMÅL (PLAN – OG BYGNINGSLOVA §12-5)

### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (plan- og bygningslova §12-5 nr. 2)

o_KV, E39

Avkøyrsle markert med pil – Fellesavkøyrsle for Statens vegvesen, gnr.135, bnr.1,2,3,4,5 og 11.

o_AVG, Anna veggrunn – grønstareal – Det kan tillatast rassikringstiltak som skredvollar/skredmagasin, inkludert endring i vassvegar og naudsynte terrengendringar for å få tilkomst til område som skal gjerast sikringstiltak i.

> ***Retningsline***
> Prinsippskisse for løysing 1( teikning LAY_X001) eller løysing 2( teikning LAY_X002) skal vere rettleiande for tiltaka.

### Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone (plan- og bygningsloven §12-5 nr.6)

O_BSV

## 3 FØRESEGNER TIL OMSYNSSONER (PLAN- OG BYGNINGSLOVA §12-6)

**H310 Ras- og skredfare(Aktsemdkart)**